

Kamilla Haukeland

Nesjane 30

5986 Hosteland

Til Masfjorden kommune

Duesund 10.04.16

Høyringsuttale i samband med kommunesamanslåing

Enten det vert kommunesamanslåing av heile Nordhordland, Masfjorden/Gulen eller Masfjorden kommune vel å stå åleine så meiner eg at i staden for å spreie dei brukarorienterte tenestene på fleire stader så er det viktigare å samle dei på ein stad.

Eg meiner det er viktig å samle legetenesta, helsesøster, NAV, barnevern, psykiatri/rus og PPT på ein plass, gjerne i eit felles bygg. Gjerne også politi/lensmannskontor, sjølv om dette er statleg. Dette er tenester som har mykje samarbeid, mange felles brukarmøter og elles mange tverrfaglege samarbeidsmøter. Ved å samlokalisere desse tenestene vil ein få eit mykje sterkare fagmiljø, enklare og kostnadsbesparande samhandling og ikkje minst meir effektivitet sidan det vil vere tidsbesparande.

Med venleg helsing

Kamilla Haukeland